



Protokoll frå styremøte Suldal IL

Møtenummer: 04/2020

Dato: 17.03.2021

Tidspunkt: 18:30-19:30

Stad: Samlingsrom Vinjar skule

Til stades: Elisabeth Steine (kasserar), Helen Moen Gjuvslund (leiar), Jon Bråtveit (gruppeleiar fotball), Hege Hiim Steine (vara), Sveinung Steine (gruppeleiar trim), Venke Olene Vaarvik (gruppeleiar økonomigruppa), Øyvind Gjuvslund (nestleiar), Kristine Bøe Berge (skrivar)
Forfall: Vidar Jørgensen (styremedlem), Per Even Tjøstheim (gruppeleiar ski)
Andre til stades:

Sak 35/20 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling og saksliste godkjent utan merknadar.

Sak 36/20 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte

- Protokoll godkjent utan merknadar.

Sak 37/20 Vedtekter for framifrå idrettsprestasjon

- Styret m/undergrupper må laga klare føresegner for kva som skal utløyse påskjøning for framifrå idrettsprestasjonar. Dette er ei markering styret ynskjer skal vere gjeldande for Suldal Idrettslag.
Styret i Suldal Idrettslag ber undergruppene laga eit forslag til gjeldande praksis, som dei tek med tilbake til styret.

Sak 38/20 Jubileumsbok

- Ein treng ytterlegare bidrag/sponsormidlar til jubileumsboka. Me har allereie fått eit bidrag frå Sparebanken Vest. Økonomigruppa får ansvar for å kontakta sponsorane våre om dei har høve til å gje eit ekstra bidrag knytt til boka.
- Styret vedtek at ein går for følgjande alternativ for opplag;
 - o 400 stk, 100 sider 21x21, limfrest til ein kostnad på kr 47 658,-
- Arbeidsgruppa for Jubileumsboka ynskjer at styret tek ansvar for utveljing av framsidebilete

Sak 39/20 Nutfant 24

- Positive til arrangementet, men det er eit absolutt vilkår at avtalar med grunneigarar for bruk av parkering og terreng er på plass og godkjent.
- Eit eventuelt tilbod frå oss vil då vere mot ein betaling på kr 450,- eks. mva time pr. person til inntekt for idrettslaget.

Sak 40/20 Treningsdrakt Suldal Idrettslag

- Adidas sin kolleksjon har endra gulfarge og gått vekk ifrå svarte detaljar. Styret vedtek fotballgruppa sitt forslag til å gå over til Umbro.

Kristine Bøe Berge

Skrivar